



Meland kommune er ein del av Nordhordlandsregionen og nabokommune til Bergen. Kommunen opplever sterk folkevekst og har eit innbyggjartal på ca. 8.000. Det er god kollektivtransport til/frå Bergen med hurtigbåt eller ekspressbuss, og reisetida frå Bergen til kommunesenteret Frekhaug er under 1/2 time. For å løyse og utvikle alle dei ulike oppgåvene kommune er tillagt treng vi engasjerte og kompetente medarbeidarar - som vil oppleve at arbeidsoppgåvene og bidraget deira er meningsfylt og del av eit viktig samfunnsoppdrag. Meland kommune har ei verdimeisig forankring som kjem til uttrykk gjennom visjonen vår "Eit samfunn for alle".

Sosialkonsulent/Rettleiar - 100% vikariat

Stillingsinformasjon

NAV leverer arbeids- og velferdstenester til innbyggjarane til Meland sine 8000 innbyggjarar. NAV skal gje menneske muligheter og vårt hovedmål er å få fleire i arbeid og færre på stønad .

Vi ser etter deg med pågangsmot og engasjement som ynskjer meningsfulle og varierte arbeidsoppgåver. Nav Meland er lokalisert på Frekhaug. Kontoret har 16 medarbeidarar.

Denne stillinga er særskilt knytt til sakshandsaming av søknader om økonomisk stønad og rettleiingsarbeid ved kontoret.

Vikariatet varar i perioden 01.04.2019 - 31.01.2020.

Arbeidsoppgåver

- Sakshandsaming etter Lov om sosiale tjenester i arbeids- og velferdsforvaltningen
- Anna sakshandsaming ved kontoret
- Oppfølging og rettleiing til brukarar av kontorets tenester
- Kjennskap til oppfølging av brukarar som står langt frå arbeid
- Samarbeid med andre instansar.
- Medverka til å utvikla effektive arbeidsprosessar og metodar
- Medverka til resultatoppnåing for kontoret
- Anna arbeid knytt til NAV sine tenester og støtteordningar

Kvalifikasjonskrav

3-årig høgskule innan sosialfagleg utdanning eller juridisk utdanning.

- God skriftleg og munnleg framstillingsevne
- God på rettleiing
- Gode samarbeidsevner
- God datakunnskap
- Kjenne NAV sine tenester og støtteordningar
- God kjennskap til lovverk knytt til NAV og lovverk knytt til busetting av flyktningar.

Vi ynskjer at du:

- Har erfaring frå liknande arbeid.
- Har god kompetanse på sakshandsaming og har god lovforståing
- Har gode samarbeids- og kommunikasjonsevner
- Evne til å skapa tillit.
- At du er nøyaktig og fleksibel med omsyn til arbeidsoppgåver.
- Positiv særvisinnstilling
- Løysingsorientert

Vi tilbyr

Løn etter gjeldande tariffavtale.

Søknad skal sendast

Søknad skal sendast via vårt elektroniske søknadssystem.

Rettkjende kopiar av vitnemål og attestar skal takast med ved eventuelt intervju.

Søknadsfrist 10.03.2019

Utlyst dato 20.02.2019

Vårref

134/19

Kontaktperson

Arngunna Haga, Leiar NAV Meland, mobil: 99372098, arngunna.haga@nav.no